

EVA MARIE MATHISEN

# Husmorkommunisme

## Kvinnepolitikk i Norges Kommunistiske Parti i 1920-åra

NKP utvikla i 1920-åra ein eigenart a kvinnekjønns politikk der arbeidarhusmora vart sett i høgsetet. Valet av arbeidarhusmora stod i motstrid til den kvinnelege industriarbeidaren som Sovjetunionen og den kommunistiske internasjonalen idealiserte. I NKP vart arbeidarmora sett på som den som forsvarte familien mot åtak frå kapitalismen og til tider også frå sosialdemokratiet. På denne måten tok ho del i klassekampen. I husmollaga som NKP oppretta etter splittinga frå Arbeidarpartiet, fekk denne politikken sin grobotn.

Hovudargumenta i den kommunistiske internasjonale (Kominterns) kvinnekjønns politikk gjekk - grovt skissert - ut på at det var gjennom lønsarbeidet, altså det løna arbeidet utanfor heimen, at kvenna kunne oppnå frigjering og deltaka i samfunnet. På grunn av det manglande lønsarbeidet kunne husmødrene dimed ikkje verta frigjorte, dei var «tilbakeståande» og lite teoretisk utvikla, og måtte derfor opplysast og skulerast for å kunne delta i klassekampen. Den private eigedomsretten måtte opplysts, for det var den som legitimerte mennens eigedomsrett over kvenna og borna.<sup>1</sup>

Som eit medlemsparti i Komintern hadde NKP forplikta seg til å følgja opp og setja i verk politikken som vart vedteke av internasjonalen. I denne artikkelen skal vi sjå korleis NKP gjorde forsøk på å følgja instruksjonane frå Komintern, men korleis NKP heldt fast på sin eigen kvinnekjønns politikk; ein politikk som hadde røter i Arbeidarpartiets kvinnekjønns politikk og som var sterkt påverka av den sterke husmorideologiseringa i det norske samfunnet. Førestellingane om at NKP var eit parti som var styrt frå Moskva må utfordrast når det kjem til det kvinnekjønns politiske området i 1920-

åra, for her var det husmorideologiseringa som rådde. Sist, men ikkje minst, handlar artikkelen om det kvinnopolitiske arbeidet i det mannlige partiet NKP, der kvinnearbeid ikkje var sett på som ei viktig partioppgåve.

I perioden som artikkelen tek for seg - frå skipinga i november 1923 og fram til 1930 - gjekk NKP frå å vera eit parti med påverknad i fagrørla og arbeidarklassen, til å verta eit marginalisert parti som ikkje lenger var representert på Stortinget. Den reduserte styrken til partiet hang saman med den overivrige implementeringa av politikken i Kominterns «tredje periode» (1928–33), der partiet slo inn på ein ny venstre-kurs - ein ultravenstrekurs. I denne venstrekuksen skulle ikkje husmorlaga lenger vera breie, upolitiske masseorganisasjonar, men politiserast til kamporganisasjonar til forsvar for Sovjetunionen. Kvinnearbeidet vart underlagt det generelle partiarbeidet, og ei liknande utvikling fann stad i Sovjetunionen, der kvinneavdelinga i det sovjetiske partiet vart lagt ned i 1930. I Komintern vart det relativt sjølvstendige kvinnsekretariatet degradert og lagt under Komintern-leiingas direkte kontroll i 1926.<sup>2</sup> I den sentraliseringa av makt og politisk kontroll som skjedde ved overgangen til 1930-åra i Komintern, vart altså kvinnearbeidet mindre politisk viktig.

## Husmorlaga - NKPs oppfinning

Komintern vedtok i 1921 at medlemspartia ikkje skulle ha eigne organisasjonar for kvinner. Kvinnene skulle vera tilslutta dei kommunistiske partia på same måte som dei mannlige medlemmene - med like rettar og plikter. All organisering skulle liggja under kommunistpartias kontroll. Det skulle ikkje vera nokre særorganiseringar på sida av partia. Dette var bakgrunnen for at Arbeiderpartiets Kvinneforbund («Kvindeforbundet») vart lagt ned i februar 1923. Men sjølv om det då 22-årige landsomfattande forbundet vart lagt ned, vart mange av dei lokale kvinneforeiningane likevel opprettheldt og heldt fram med arbeidet sitt.

Husmorlaga var ein måte for NKP å løysa dei organisatoriske utfordringane det nystifta partiet stod andsynes etter splittinga frå Arbeidarpartiet. Då NKP vart stifta i november 1923 følgde kring 40 av 160 kvinneforeiningar det nye partiet, og desse foreiningane kunne ikkje halda fram som før: Det ville vera eit brot på vedtaka frå Komintern. For å hindra at dei kvinnelege medlemmene gjekk tilbake til DNA, vedtok sentralstyret i NKP i januar 1924 å endra kvinneforeiningane til husmorlag.<sup>3</sup> Ved å gjera kvinneforeiningane om til husmorlag kunne kvinnene halda fram med mykje av det same arbeidet som tidlegare, og overgangen frå DNA til NKP vart ikkje for brå for kvinnene. Organiseringa i husmorlag opna opp for ein brei rekrutteringssfære for partiet,

sidan husmorlaga var opne for andre kvinner enn NKP-medlemmer. Medlemmene i kvinneforeiningane i DNA hadde vore kollektivt innmeldte i DNA. I teorien kunne no alle kvinner i arbeidarklassen vera potensielle medlemmer i husmorlaga. Slik formulerete kvinnesekretæren Jeanette Olsen det i ein tale i Bergen:

«Disse husmorlag kræver ikke av sine medlemmer at de skal sverge til et bestemt parti. Vi vil gjerne at lagene skal omfatte alle arbeiderklassens husmødre og opplyse dem om hvorfor forholdene er saa daarlige for arbeiderklassen som de er, og hvad der kan gjøres for at bedre dem. Husmorlagene er husmødrenes egen organisasjon.»<sup>4</sup>

NKP hadde därleg kontakt med dei lokale foreiningane i byrjinga og strevde med å få oversyn over dei kvinneforeiningane som hadde følgd partiet. Dette var *ein* grunn til at det tok tid før NKP fekk gjennomført den naudsynte omlegginga. Heilt fram til 1927 fanst det kvinneforeiningar som ikkje var omlagde til husmorlag. Motstanden mot å oppløysa kvinneforeiningane var stor einskilde stader, og dette var ein annan grunn til at omstruktureringa til husmorlag tok tid. Det same var frykta for at kvinnepolitiske saker ikkje kom til å verta handsama i partiavdelingane om dei eigne foreiningane for kvinnene forsvann. Mange av kvinneforeiningane var over tjue år gamle. Sjølv kvinnesekretæren i NKP, Jeanette Olsen, var bekymra for at kvinnene ikkje kom til å verta inkluderte i partiarbeidet, slik intensjonen frå Komintern var. Kvinnene var engstelege for nye arbeidsmetodar; dei var korkje vande med å gå på møte i partiet eller å taka del i det generelle partiarbeidet, meinte ho. Kvinnene frykta også at partimøta ikkje kom til å ta opp spesielle kvinnesaker om kvinneforeiningane vart direkte underlagde partiet.<sup>5</sup>

## Husmorideologiseringa

Det kan sjå ut som eit paradoks at NKP valde å organisera husmødrer når det var industriarbeidarane som var den delen av arbeidarklassen med mest revolusjonært potensial. Det var jo nettopp gjennom lønsarbeidet at kvenna kunne oppnå frigjering.

Mellomkrigstida var ei tid for husmororganisering og ideologisering av husmorrolla. Historikaren Kari Melby har kalla perioden 1900-50 for «Husmorens epoke»; ein epoke der både styresmaktene og det politiske livet i Noreg la opp til eit komplementært kjønnsmønster, der eineforsørgarmodellen vart styrkt og der det var forventa at kvinner engasjerte



Jeanette Olsen (1873-1959) var kvinnesekretær og medlem av sentralstyret i NKP allereie frå stiftinga. Her er ho fotografert under den tredje internasjonale sin kongress i Moskva 1921.

seg i saker som handla om kvinner som mødrer og husmødrer. Ekteskapskontrakten vart hovudkjelda til livsopphald for stadig fleire kvinner. Føresetnaden for kvinnernas deltaking i det offentlege var lagt med røysteretten, og husmødrene slutta seg saman på grunnlag av kjønn og yrkesinteresser på same måte som bondekvinnene, lærarinne, sjukepleiarane og telegrafistane hadde gjort.

Den fyrste organiseringa av husmødrer i Noreg kom på slutten av 1800-talet med skipinga av Hjemmenes Vels Landforbund (HVL, seinare Norges Husmorforbund). Organisasjonen bar frå starten av preg av at det var ein interesseorganisasjon for dei kvinnene i overklassen som hadde råd til hushjelp, der dei forsvarte interessene sine som arbeidsgjevarar for tenestejentene. Trass i organiseringa ut frå klasseinteresser som arbeidsgjevarar, prøvde HVL å dempa klassepuren og appellera til dei breie gruppene av husmødrer.<sup>6</sup> HVL var ein av hovudkonurrentane til husmorlaga i NKP, og NKP tok i bruk nemninga «husmorlag», og ikkje «husmorforeiningar» for å skilja seg frå den borgarlege kvinneorganisasjonen.<sup>7</sup>

Trass i motsetnadane, fanst det fellestrekks mellom korleis NKP og Hjemmenes Vel tenkte på husmødrer som ei sosial gruppe av kvinner og det å organisera husmødrer.

Kvinna fekk ei ny økonomisk rolle ved overgangen frå sjølvbergingssamfunnet til forbrukarsamfunnet, ved at kvinna ikkje lenger skulle bearbeida det som vart produsert i hushaldet, men forvalta familieøkonomien gjennom å kjøpa forbruksvarer. Husmødrene fekk ei viktigare rolle som forbrukarar, og det å organisera seg var ein måte å ta vare på dei økonomiske interesserne til husmødrene.

Husmødrene fekk ei viktigare rolle som forbrukarar, og det å organisera seg var ein måte å ta vare på dei økonomiske interesserne til husmødrene.

Men når Hjemmenes Vel samarbeidde med næringslivet for å få forbrukarane til å kjøpa norske produkt, var oppgåvene for husmorlaga i NKP å føra kontroll med matvarereprisane, setja ned priskontrollkomitear og å arbeida for tilslutnad og forbetring av kooperasjonen, slik det står i programmet til husmorlaga.<sup>8</sup> Innhaldet i husmorrolla endra også karakter med ny kunnskap og vitskapleggjering av husstellet. Husmødrene i NKP hadde ikkje råd til elektriske komfyrar slik som overklassekvinnene, men husmorlaga spreidde brosjyrer om vitaminar og argumenterte for at kunnskap om rett næringssamansetjing i maten var eit klassespørsmål.<sup>9</sup>

*Forsvaret av husmoras posisjon* hang tett saman med forsvaret av familien. Arbeidarhusmødrene hadde si oppgåve i å forsvara interesserne til arbeidarheimane mot åtak frå kapitalismen og det borgarlege samfunnet, og i husmorlagas program stod det at husmorlaga skulle «gripe inn i alle situasjoner hvor arbeiderklassens og arbeiderhjemmenes interesser står på spill».<sup>10</sup> I motsetning til dette ville overklassen forsvara familien frå åtak frå revolusjonen til arbeidarklassen og «kusedelege»



I 1920-åra fekk husmødrene i større grad enn tidlegare ei rolle som forbrukarar.

Denne nye rolla innebar eit krav om større økonomisk bevisstgjering og for husmørlaga i NKP vart dei høge matvareprisane eit viktig tema.

spørsmål som prostitusjon, sjukdomar og uektesfødde born. Målsetnaden var å bevara dei borgarlege heimane mot trugsmåla frå arbeidarrørsla, industrialiseringa og kvinnefrigjeringa.<sup>11</sup>

Både husmørlaga i NKP og dei borgarlege husmøforeiningane proklamerte at dei var «upolitiske», at dei ikkje var tilknytt noko politisk parti eller skulle arbeida for ei religiøs overtyding. Husmørlaga til NKP hadde derimot ei anna tolking av kva som var politikk og kva som var politisk arbeid. Det var viktig å senka terskelen for kva kvinnene oppfatta som politikk. «At brødet er blitt så dyrt er ikke en følge av misvekst og uår, men det er en følge av politikk,» skreiv Olga Andersen.<sup>12</sup> Politisk arbeid var å arbeida for å betra vilkåra for arbeidarfamiliane, og dimed også for arbeidarklassen. «Hvis det er politikk å arbeide for å bedre sine kår, og det er netop politikk, så er husmørlagene politiske,» skreiv Johanna Bugge Olsen frå Bergen.<sup>13</sup> Sjølv det å servera kaffi på møta i husmørlaga eller skriva i avisar om prisutvikling var å gjera politisk arbeid.

Eit anna moment som gjorde det lett for NKP å velja husmødrer som målgruppe, var den sosiale samansetjinga i partiet. Kjeldematerialet er for mangelfullt til at det er mogleg å seia noko sikkert om kor mange kvinnelege medlemmer det fanst i perioden, men nokre tal finst. Vi kan truleg rekna at rundt 20 prosent av medlemsmassen i NKP gjennom 1920-åra var kvinner. I 1926 vart det opplyst til Komintern at det var 7000 medlemmer i NKP, og av desse var 21 prosent kvinner, eller 1500

kvinner. Men berre ein prosent var industriarbeidarar, resten var husmødrer.<sup>14</sup> Året etter gjennomførte organisasjonsutvalet i NKP ei kartlegging av medlemsmassen. 20 prosent av medlemmene var kvinner. Sosialt vart kvinnene klassifisert slik: 87,8 prosent var husmødrer, 8,8 prosent arbeidde i kategorien «industri, transport m.m.», 1,5 prosent var handverkarar og bønder og 1,9 prosent intellektuelle og funksjonærar.<sup>15</sup>

I 1900 var berre 35 prosent av norske kvinner sysselsette utanfor heimen, og dei aller fleste med arbeidsområde som kan sjåast på som gamle kvinneoppgåver (t.d. undervisning, pleie og omsorg). Sett ut frå samansetjinga i partiet og i samfunnet elles var det naturleg at NKP valde ei satsing på husmødrer, sjølv om den kvinnekommunistiske linja i Komintern stod for ei anna satsingsgruppe.

## **Dei fyrste husmorlaga**

Dei fyrste husmorlaga vart skipa i Bergen på kvinnedagen i 1924. To dagar etter, 10. mars, vart det starta husmorlag i Odda. Både i Bergen og i Odda var husmorlaga direkte etterfølgjarar av DNAs kvinneforeiningar. I Bergen var det fem husmorlag - eitt i kvar bydel, der sentrale kvinner som Marie Nilsen og Johanna Bugge Olsen var aktive. I Odda var Cecilie Slåttelid ein pådrivar for kommunistisk organisering for kvinner.

I 1910 hadde Slåttelid og elleve andre kvinner starta Odda arbeiderpartis kvinneforening. Berre nokre få dagar etter at NKP vart stifta, avgjorde Odda kvinneforening å følgja NKP. Og litt over tre månader etter var kvinneforeininga omdøypt til husmorlag. Slåttelid var også typisk for ei aktiv NKP-kvinne: Gjennom mannen Ole vart den politiske interessa vekt, saman gjekk dei inn i NKP då partiet vart stifta, ho var aktiv for barna sine i skulekorps og for å oppretta mødrehygienekontor, aldersheim, offentleg skulemat og folketannrøkt i Odda, medan mannen var aktiv i parti- og fagforeningsarbeid. Ei viktig oppgåve var å skulera ungane i den rette kommunistiske anda. Ei oppgåve for kvinnene i NKP var derfor barnelaga eller pionerrørsla og seinare ungdomsforbundet (NKU). Dagfrid Slåttelid, dottera til Cecilie, var ei av få kvinner som fekk utdanning i Moskva som representant for NKU.<sup>16</sup>

## **NKP - eit mannleg parti**

Hovudpersonane i NKPs historie har alltid vore menn. Slik har også NKP sjølv framstilt seg. I *Norges Kommunistiske Partis historie*, som partiet gav ut i 1963, brukte forfattaren Just Lippe ei halv side av totalt 339 sider på kvinnearbeidet. Her summerte Lippe opp at kvinnene i alle år hadde spelt ei viktig rolle og at dei hadde gjort ein stor innsats på ei rekke spørsmål som «naturlig lå kvinnene nært på hjertet».<sup>17</sup> I boka finn

ein altså ikkje eitt ord om kva som kvinnene *eigentleg* arbeidde med, korleis dei arbeidde eller korleis arbeidet gjekk. Det vil vera å overdriva og seia at kvinnearbeidet fekk noko spesiell stor merksemd frå dei leiande mannelege medlemmene i perioden som her er undersøkt. Ein av dei få mennene som var opptekne av kvinnearbeidet var venstreideologen Arvid G. Hansen. Om Hansen var interessert fordi han faktisk meinte kvinnearbeidet var eit viktig politisk arbeidsområde, eller fordi han var gift med ei av dei mest aktive kvinnene i NKP, den russiskfødde Mira Hansen, vert spekulasjonar, men faktum er at Hansen var den einaste i sentralstyret som sette seg mot oppseiinga av løna til kvinnesekretæren Jeanette Olsen i 1927.

Allereie på landsmøtet i 1925 hadde det kome forslag om å kutta løna til kvinnesekretæren, og frå februar 1927 vart løna til Jeanette Olsen kutta. Avgjerda om kuttet skjedde under forsikring om at kuttet skulle vera ei mellombels løysing, men kvinnesekretæren vart aldri ei lønt stilling att. Kanskje overraskande er det at det var utsendinga frå Komintern med deknamnet «Gustavsen» som stod bak forslaget om å kutta løna til kvinnesekretæren.<sup>18</sup> «Gustavsen» meinte at alt arbeid no måtte koncentrera om hovudorganet Norges Kommunistblad. Sidan økonomien til avisa og partiet var dårlig, kunne Jeanette Olsen omplasserast i ei stilling i avisa eller i forlaget til NKP. Både partiformannen Peder Furubotn og partisekretæren Ottar Lie hadde «i maaneder ikke faat andet end nogen kroner dagen og vann». Arvid G. Hansen hadde argumentert mot kuttet fordi han meinte at Olsen ikkje kom til å få tid til å gjera det naudsynte arbeidet blant kvinnene når ho skulle omplaserrast i ei anna stilling.<sup>19</sup> Hansen hadde også retta ein førespurnad om økonomisk hjelp til Komintern for å oppretthalda løna til Jeanette Olsen. Men kvinneavdelinga i Komintern avslo førespurnaden. Medlemspartia måtte sjølve stilla pengar til rådvelde for kvinnearbeidet.<sup>20</sup>

På landsmøtet i 1929 kom kritikken mot partileiinga til overflata. Det var kvinnesekretæren Olga Andersen som tok opp spørsmålet. Kritikken hennar gjekk fyrst og fremst ut på at partiets arbeid blant kvinnene var «en bevegelse utført under bevisst motstand». Partiet vedtok fråsegner om arbeidet blant kvinnene, men når «man kommer hjem» vart det som skulle vera eit felles arbeidsområde i partiet redusert til berre kvinnene sitt ansvar. Utan at dei mannlege medlemmene var med i arbeidet, kunne ikkje partiet nå kvinnene i industrien, meinte ho. Stille og roleg hadde oppseiinga av den lønte kvinnesekretærstillinga skjedd, og via omvegar hadde kvinnesekretariatet fått vita om avgjerala,

Hovudpersonane i NKP-s historie har alltid vore menn. Slik har også NKP sjølv framstilt seg.



Arvid G. Hansen (1894-1966) var ein av dei få mennene i NKP sitt sentralstyre som var oppteken av kvinnearbeidet i partiet.

fortalte Andersen. Då partiet skulle velja ein ny kvinnsekretær etter Jeanette Olsen, skjedde ikkje utveljinga ut frå kven som var mest eigna til vervet, men ut frå kven som hadde best tid. Kvinnsekretariatet hadde hatt eit eige kontor, som dei fyrst disponerte om føremiddagen. Etter at NKP sette i gong arbeidet med å registera og kartleggja medlemsmassen våren 1927, vart kvinnsekretariatet trengt ut av kontoret. «Næste skritt blir vel å sette kvinneskretariatet ut på trappe,» spådde Andersen.<sup>21</sup>



Forsida til Gnisten sitt julenummer 1925.

Partiet vart kritisert for å ikkje støtta kvinnearbeidet økonomisk, og Andersen kom med fleire døme på den manglande viljen partileiinga hadde til å prioritera kvinnearbeidet økonomisk. I forkant av landsmøtet hadde kvinneskretariatet førebudd eit instruksjonskurs for å betra den manglande skuleringa av kvinnene, og planane vart oversende til organisasjonsutsvalet. Utvalet hadde ikkje noko mot eit kurs, så lenge det ikkje påførte partiet nokre utgifter. Under valkampen hausten 1928 hadde ikkje NKP pengar til å skipa til eit valagitasjonsmøte for kvinnene i Oslo. Det einaste husmorlaget som hadde økonomiske midlar til eit møte, vart vurdert til å vera for politisk svakt. Dei andre husmorlaga i Oslo hadde allereie tømt pengekassene sine for å halda andre møte i partiets regi: «Når det gjelder å skaffe penger til et eller annet da husker man alltid på de kvinnelige partikamerater,» understreka Olga Andersen. I oktober 1928 vart eit lokallag av Norske kvinner frivillige verneplikt skipa på Raufoss, ein organisasjon NKP meinte var ein fascistisk organisasjon. NKP-medlemmene på Raufoss ynskte at sentralleiinga skulle skipa til eit mot-møte og trykte opp eit flygeblad. Då alt kom til alt, viste det seg at partiet ikkje hadde ti kroner til overs til produksjonen av flygebladet.<sup>22</sup>

## Gnisten - NKPs kvinneavis

NKPs kvinneavis kom ut for fyrste gong i mars 1925. Det var kvinnene sjølv som stod bak utgjevinga, og avisas fekk ingen midlar frå partiet. Tvert om sette sentralstyret som føresetnad for oppstarten av Gnisten at avisas ikkje påførte partiet nokre utgifter. Delar av partipressa til NKP, som Norges Kommunistblad i Oslo, mottok i periodar store beløp frå Komintern. Kvinnene samla inn pengar til avisas, eit arbeid som vart sett i gong i 1924, men jamlege økonomiske bidrag til avisas måtte til heilt til avisas gjekk inn i 1930. Mange av husmorlaga skaffa inntekter til kvinneavisa ved å skipa til festar eller ha eigne syklubbar der handarbeidet vart loddar ut på basarar.

Ein av dei viktigaste funksjonane til avisas var at ho fungerte som eit bolverk mot borgarleg propaganda. Ei eiga kommunistisk kvinneavis

kunne demma opp for den borgarlege påverknaden som mange arbeidarkvinner vart utsette for gjennom dei borgarlege avisene og kvinneblada. Det var ikkje nok med kvinnespaltene i partiavisene, slik som spalta «Vaare kvinner» i Norges Kommunistblad, for å demma opp for denne påverknaden: «En egen avis for arbeiderkvindene vil paa en ganske anden maate kunne trænge ind i arbeiderhjemmene og vinde arbeiderkvindene for vor sak.»<sup>23</sup>

Gnisten var ikkje den einaste skriftlege møtestaden for kvinnene i NKP. Nokre av husmorlaga hadde eigne handskrivne aviser, som vart lesne opp på møte i laga og der redaktøransvaret gjekk på omgang. Det fanst fleire slike aviser, mellom anna Husmoren (Odda), Haapet (Kirkenes), Hold sammen (Tyssedal), Stormvarsel (Nordnes, Bergen), Rivjernet (Trondheim) og Ured (Ranheim). Diverre er det berre Husmoren i Odda som finst att i arkiv i dag.

Ei eiga kommunistisk kvinneavis kunne demma opp for den borgarlege påverkna den som mange arbeidarkvinner vart utsette for gjennom dei borgarlege avisene og kvinneblada.

## Mødrehygiene og barneavgrensing

Eit av dei viktigaste arbeidsområda for husmorlaga var arbeidet med reproduktive rettar. Mødrehygienekontor stod sentralt. Husmorlagsmedlemmer brukte mykje tid på å diskutera dette i Gnisten og innetter i husmorlaga, sjølv om diskusjonane ikkje førte til opprettinga av mange mødrehygienekontor. Kontoret i Kristiania opna i 1924.

Tankane til Katti Anker Møller, og dottera hennar, lækjaren Tove Mohr, hadde fotfeste i NKP. Kontoret var eit resultat av eit langvarig samarbeid mellom Møller og arbeidarkvinnene, som delte forståinga av at kunnskap måtte til for at arbeidarkvinnene sjølv skulle kunne avgrensa barnetalet. Møller henta inspirasjon frå den engelske lækjaren Marie Carmichael Stopes, og gav ut brosjyren *Et brev til de strævsomme Mødre. Om hvorledes man skal faa sunde barn og undgaa svækkede svangerskap*. Inntektena frå salet av brosjyren gjekk til opprettinga av mødrehygienekontoret. Arbeidarkvinnene trøng opplysning for å få kunnskap om sin eigen kropp og for å vita korleis dei kunne avgrensa barnetalet. Mødrehygienekontoret selde preventive midlar til gifte kvinner og bidrog til å skaffa sped-barnsutstyr.<sup>24</sup>

På den første kvinnekonferansen i NKP i 1924 var mødrehygienekontor eit tema. Men ei fråsegn frå kvinnekonferansen i NKP skulle koma til å skapa mykje rabalder både innetter i partiet, i partipressa og i den borgarlege pressa; særleg i Aftenposten. Fråsegna sa at straffa for mord skulle opphevast viss mora tok livet av barnet eit døgn etter fødselen, uavhengig om mora var gift eller ugift. Katti Anker Møller forsvarte fråsegna i pressa og grunngav forsvaret med at straffa i større grad råka



Olav Scheflo var ein av dei mennene i sentralstyret som gjekk hardast ut mot kvinnekonferansen sitt vedtak til forsvar for barnedrap i 1924. Han meinte at fråsegna var ein direkte årsak til partiet sitt dårlege valresultat same året.

må tolkast inn i denne konteksten, der Scheflo la skulda for nederlaget på kvinnene i partiet, men ikkje minst på venstresida.

## Kampen mot dei borgarlege kvinneforeiningane

Kvindenes enhetsfront var skipa sommaren 1924 i Kristiania. Fronten var ei samanslutning av kjende, borgarlege kvinnesaksvinner som hadde til mål å samla kvinner om ei liste med ti krav til stortingsvalet hausten 1924. Sjølv om fronten var skipa med føremål å fungera i valkampen, fekk fronten eit visst framhald utover i 1925, då han også kom til Bergen. Krava til fronten var mellom anna elektrisitet i heimane, betring av folkehelsa ved skulelækjarar, utbygging av bustader og undervising i husstell på skulen. «Ingen programmer noensinne var så detaljerte og fyldige på det sosialpolitiske området som dette kvinnekritiske dokumentet» skriv historikaren Anne-Lise Seip.<sup>28</sup>

Sjølv om saker som å få senka matvareprisane og kampen for gratis skulemateriell var viktige for kvinneforeiningane og husmorlag i

dei unge ugifte kvinnene frå arbeidarklassen enn overklassen. Møller hevda at «(...) straffebestemmelsen er i sannhet en klassestraff».<sup>25</sup>

Fråsegna gjekk ikkje upåakta hen i partiet. På landsstyremøtet ei veke etter kvinnekonferansen kom Albin Eines med skarp kritikk av fråsegna og fekk støtte frå Emil Stang, Elias Volan og Olav Scheflo. Emil Stang uttalte at det var ei ulukke at fråsegna vart sett i samanheng med avgrensing av barnetalet. Jeanette Olsen måtte stå til ansvar for fråsegna, og orsaka seg med at punktet om barndrap ikkje hadde vore ei hovudsak på kvinnekonferansen. Fråsegna vart vedteke fordi Tove Mohr hadde vorte vald inn i straffelovskommisjonen og ynskte støtte frå partiet i denne saka. Men Jeanette Olsen måtte bøya av for kritikken og innrømma at fråsegna hadde vore uheldig.<sup>26</sup> Med denne representasjonen i bakhovudet var det ikkje så rart at Katti Anker Møller vart den einaste som offentleg forsvarte fråsegna frå kvinnekonferansen. Ingen medlemmer i NKP tok til ordet for oppheving av straff for barndrap.

Same haust, i oktober 1924, trekte Scheflo fram fråsegna om barndrap som ei forklaring på kvifor NKP hadde oppnådd eit så dårleg resultat ved stortingsvalet. At fråsegna hadde vekt avsky i borgarlege krinsar, var ingen overraska over, men også arbeidrarar hadde kjent avsky for synspunktet: «Men er det nogen bevis for at uttalelsen er revolusjonær? Nei, også arbeidere, også de revolusjonære arbeidere maatte studse over en slik resolusjon.»<sup>27</sup> NKP-leiinga var vonbroten etter valet og det gav støytet til fraksjonskampar. Scheflos utsegn

valkampen, var det kampen mot Kvindenes enhetsfront som fekk mest merksemd. Agitasjonen mot Kvindenes enhetsfront var viktig for det nystifta NKP på tre måtar. For det fyrste fekk NKP høve til å markera seg mot dei borgarlege kvinnene. Krava i programmet til Kvindenes enhetsfront kunne nok letta kvardagen til arbeidarkvinnene om dei vart gjennomførte, men dei aller færreste arbeidarkvinnene hadde råd til elektrisitet i heimane. Grunntanken om at alle kvinner hadde fellesinteresser som kvinner, var eit spel for galleriet. Samlinga av alle kvinner i ein front kunne verka forlokksande på dei arbeidarkvinnene som ikkje var klassemedvitne nok, og NKP måtte opplysa dei umedvitne arbeidarkvinnene. At konene og døtrene til arbeidsgjevarane skulle stå saman med dei utbytta arbeidarkvinnene, vart samanlikna med at «ulven og lammet skal gresse fredelig side om side i denne 'enhetsfronts' lysegrønne og lokkende gressgang». <sup>29</sup>

Med denne saka forsvarte NKP eit av dei viktigaste prinsippa i retningslinjene for kvinnearbeidet i Komintern. Sjølv om NKP orienterte Kominterns kvinnesekretariat om kampen som hadde vorte ført mot einskapsfronten ved stortingsvalet hausten 1924, og seinare på våren 1925, fekk ikkje Kvindenes enhetsfront merksemd frå Komintern før i 1926. Grunnen til den manglande merksemda kan vera mangelfull kommunikasjon mellom NKP og det internasjonale kvinnesekretariatet i Komintern. Men det er også påfallande at då Komintern fatta interesse for Kvindenes enhetsfront, var den norske organisasjonen sett i ein samanheng med andre liknande kampar i Vest-Europa. Slik fekk Komintern illustrert at dei borgarlege kvinnene - også i Noreg - mobiliserte mot arbeidarklassen, eit argument som vart stendig meir framtredande i overgangen til den såkalla «tredje perioden» i Komintern frå 1928-33, der Komintern forfekta ein «klasse-mot-klasse»-politikk. <sup>30</sup>

## **Den verkelege einskapsfronten**

Sist, men viktigast, var saka eit godt høve for kvinnesekretariatet til å markera andsynes partiet at den verkelege einskapsfronten var fronten der menn og kvinner frå arbeidarklassen stod saman i kampen mot borgarskapet. Arbeidarkvinnene hadde ikkje noko fellesskap med dei borgarlege kvinnene, for arbeidarklassens kvinner hadde eit fellesskap med arbeidarklassens menn, meinte NKP.

Derimot var det ikkje alltid like enkelt for dei kvinnelege medlemmene å oppleva det fellesskapet og kameratskapen kvinnene i teorien skulle ha med dei mannlige medlemmene. Ofte var NKP familiebasert, i den forstand at heile familiar var medlemmer i partiet, fagorganisasjonen, pionerrørsla og/eller husmorlaga. Husmorlaga var husmødrene sin stad i den kommunistiske rørsla, medan borna skulle vera med i pionerrørsla.



### På feriehemmet.

Har du sett et så velfornøid ansikt? Det har du kanskje, men neppe har du sett en norsk arbeiderske feriert med en så sorgløs mine.

Denne russiske kamerat tilbringer sin ferie på dertil innrettet hvilehjem. Minste ferie er fjorten dager, men hvis hun er syk, eller har anstrengende arbeide, så får hun lengere ferie.

Dette er et av de mange resultater den russiske arbeiderklassen har opnådd ved revolusjonen. Du norske arbeiderske! Delta i arbeiderklassens befrielseskamp.

---

Eit tilbakevendande problem for medlemmene av husmorlaga var mangel på tid. Det kunne ofte vere vanskeleg å kombinere husarbeid og rolla som aktiv politisk interessaert. Derimot var situasjonen i Sovjetstaten ganske «sorglaus». Denne lille artikkelen i Gnisten frå 1925 fortel om ferie i fjorten dagar og eigne kvileheimar for dei «russiske kamerater». Om det òg gjaldt kvinner i husmorrolla fortel ikkje artikkelen noko vidare om.

Det var mogleg å vera i den kommunistiske rørsla livet ut - frå barnelag til idrettslag, fagforeining og partiarbeid.

Motstanden mannlege partimedlemmer hadde mot å sleppa ektefeline sine til i partiarbeidet vart sjeldan uttrykt skriftleg, men i kvinneavisa Gnisten kunne kvinnene gje uttrykk for frustrasjonen. Eit særleg problem var at kvinnene ikkje fekk fri om kveldane for å gå på husmorlagsmøte. At mennene trudde kvinnene ikkje interesserte seg for politikk, eller at kvinnene ikkje skulle ha interesse for anna enn «onger, filler og matstell», var ei gjengs oppfatning hos dei mannlege medlemmene, meinte til dømes Tina Rustad i Gnisten. Forklaringsa la Rustad i dei historiske føresetnaden, for med privateigedomen hadde kvinner vorte sett på som mindre-verdige vesen, som nyttige husdyr. Det burde vera ei æressak for dei mannlege medlemmene i NKP å få konene og døtrene interesserte i kommunismen. Alt for mange partikameratar heldt kvinnene sine borte frå organisasjonen.<sup>31</sup>

Det var ikkje berre fordi arbeidarhusmødrene sjølv skulle få meir kunnskap og verta klassemeldvitne at mennene måtte la kvinnene ta del i partiarbeidet: Det ville koma heile arbeidarfamilien til gode. Viss arbeidarkvinna fekk meir kunnskap og vart klassemeldviten, ville kvenna støtta mannen og oppmuntra han i det faglege arbeidet, og ikkje berre «se surt paa at han gaar paa møtene», meinte ein annan skribent til Gnisten.<sup>32</sup> Kvenna måtte læra å forstå at det politiske arbeidet mannen gjorde gjennom fagforeningsarbeid var det nyttigaste og mest «fruktbringende» politiske arbeidet, nettopp fordi det gav økonomisk utkome til familiens livsopphald. Difor vart oppmodinga om å sleppa kvenna til i politisk arbeid ikkje berre retta mot mannen, men mot heile familien:

«Arbeideren skal ikke forsømme sin organisasjon for aa sitte hjemme, men alle familiens medlemmer skal bli med i organisasjonslivet. Enhver av familiens medlemmer maa gjøre sitt til at arbeiderhusmoren kan faa fri til aa gaa paa sin organisasjons møte. Hun har den samme rett og den samme plikt til det. Veien til aa utgjevne spaltningen innen arbeidarfamilien er: Arbeiderfamilien samlet om klassens fellesinteresser.»<sup>33</sup>

## Kontakt og kritikk

Gjennom heile tiåret mottok NKPs kvinnesekretariat brev frå det internasjonale kvinnesekretariatet med instruksjonar om arbeidet vidare og oppmodingar om å rapportera tilbake om stoda for arbeidet. Dei aller fleste breva handla om at Komintern meinte at NKP i større grad burde arbeida for å koma i (betre) kontakt med dei kvinnelege industriarbeidarane og kritiserte at NKP arbeidde for mykje blant husmødrene. Særleg var Komin-

tern oppteken av at NKP skulle innføra det såkalla delegatforsamlingssystemet, ein arbeidsmetode det sovjetiske partiet hadde brukt med stort hell.<sup>34</sup> NKP lukkast aldri i å få dette systemet opp og gå, trass i herdige brev og instruksjonar frå Jeanette Olsen i kvinnsekretariatet ut til partiet.

NKPs kontakt med Komintern involverte berre eit fåtal personar. Det var kvinneskretariata som kommuniserte med kvarandre. NKPs kvinnesekretariat heldt kontakt med kvinneskretariatet i Komintern gjennom brevutveksling og møte. Det var kvinneskretæren i NKP som forfatta korrespondansen til Komintern. Skriftlege instruksjonar var ein måte Komintern kunne styra den kvinnopolitiske utviklinga i det norske partiet på. Ein annan måte var ved personleg kontakt med utsendingar frå NKP på internasjonale tilskipingar. Utsendingar frå NKP deltok på kvinnekonferansane i Komintern; både i 1924 og 1926 representerte Jeanette Olsen NKP på dei internasjonale kvinnekonferansane. Mira Hansen deltok på organisasjonskonferansen om kvinnearbeidet som Komintern skipa til i 1925, og på kvinnemøtet som fant stad under eit plenumsmøte i 1926. Det var med andre ord eit fåtal kvinner i NKP som hadde inngåande kjennskap til diskusjonane og usemjene om kvinnepolitikken i Komintern, og som kunne ha vore med på å leggja føringar for Kominterns kvinnopolitiske arbeid.



I 1925 kom ei bekymra melding frå Komintern. NKP og kvinneskretariatet blei oppmada om i større grad å arbeide for å nå dei kvinnelege industriarbeidarane. I Oslo og Akershus resulterte dette i utgjeving av ei kortliva avis kalla Arbeidersken.

Overraskande nok har kjeldene vist at det berre vart halden eitt møte mellom representantar frå kvinneleiingane i Komintern og NKP. Det var i 1926 under den siste kvinnekonferansen i Komintern, då Hertha Sturm hadde møte med Jeanette Olsen. Representantar frå dei kvinnepolitiske organa i Komintern vart aldri sendt til Noreg for å rettleia det norske partiet i kvinnespørsmål. I 1924 orsaka det internasjonale kvinnesekretariatet seg med at dei ikkje hadde råd til å senda ein representant på den fyrste kvinnekonferansen i NKP.

I byrjinga av august 1925 mottok kvinnesekretariatet i NKP eit bekymringsfullt brev frå Komintern. Det internasjonale kvinnesekretariatet hadde studert protokollane frå landsmøtet og kvinnekonferansen i NKP og meinte at partiet ikkje arbeidde godt nok med å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane. NKP fokuserte for mykje på arbeidet i husmøllaga, meinte Komintern. NKP burde i staden ha lagt planar for korleis partiet kunne byggja opp celler i bedriftene. Komintern etterlyste ein konkret arbeidsplan for dei neste månadene for korleis NKP hadde tenkt å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane i dei største byane.<sup>35</sup>

Jeanette Olsen fylgte opp etterlysinga frå Komintern og sende ut ein arbeidsplan til partiavdelingane. For å nå dei kvinnelege industriarbeidarane i kommunevalkampen hausten 1925 skulle partystyra i samarbeid med kvinneutvala laga særskilde flygeblad og avisar som retta seg inn mot dei kvinnelege industriarbeidarane.<sup>36</sup> I Oslo og Akershus distrikt vart avis Arbeidersken resultatet. Avisa kom sannsynlegvis ut hausten 1925 og vårparten 1926. Arbeidersken finst diverre ikkje i nokre arkiv, og kjeldematerialet gjev berre spreidd opplysningar om avisar. Våren 1926 hadde avisna nådd eit opplag på 1500 eksemplar og kome ut med tre nummer. Avisa vart delt ut utanfor bedriftene etter at arbeidsdagen var ferdig. I likskap med dei fleste bedriftsavisene i NKP vart Arbeidersken finansiert av annonsar, og difor var det vanskeleg å gje ut avisar regelmessig. Men trass sviktande økonomi var den største utfordringa å få kvinnelege industriarbeidarar til å skriva i avisar. «De lover nok, men artiklene kommer ikke eller lar altfor lenge vente paa sig.»<sup>37</sup>

Jeanette Olsen hadde ikkje mange arbeidarkorrespondentar; berre fem-seks kvinnelege industriarbeidarar, der dei fleste budde i Oslo og skreiv både til Gnisten og Arbeidersken. Utfordringa låg i «(...) aa faa dem til aa behandle bestemte emner av rent politisk natur.»<sup>38</sup> Utbygginga av arbeidarkorrespondentordninga og bedriftsavisar var eit ledd i bolsjeviseringa av NKP, ei parole frå Komintern som NKP stadfesta med vedtak på landsmøtet i 1925. Grunneininga i partiet skulle no vera bedriftsceller (i motsetnad til tidlegare med lokale, geografiske celler) og målgruppa var industriarbeidarane. Partiet skulle læra av røynslene til det russiske partiet og overføra desse røynslene i arbeidet i Noreg. NKP skulle verta eit reelt arbeidarparti. Pressa skulle ikkje berre vera

Partiet skulle læra av røynslene til det russiske partiet og overføra desse røynslene i arbeidet i Noreg. NKP skulle vera eit reelt arbeidarparti.

for arbeidarane, men også skrivast av arbeidarane, der tilhøva og dei politiske sakene på arbeidsplassane skulle gjennomsyra pressa.<sup>39</sup>

I tillegg til produksjonen av aviser og flygeblad skulle partystyra arrangera møte for industriarbeidarane. Møta skulle arrangerast slik at dei

vart «baade festlige og agitatoriske». Etter møta skulle partystyra prøva skipa til såkalla kameratklubbar, som var partilause samanslutningar i bedriftene.<sup>40</sup> I september 1925 vart det skipa kameratklubbar for dei kvinnelege arbeidarane i hermetikkindustrien i Bergen. Klubben skulle vera ein sosial og politisk møtestad for både arbeidarane som var fagorganiserte og dei som ikkje var det. Husmorlaget i Sandviken inngjekk eit samarbeid med kameratklubben for å betra forholda til dei kvinnelege hermetikkarbeidarane. Truleg vart det berre med dette eine forsøket på kameratklubbar i Bergen. Året etter rapporterte Jeanette Olsen at det ikkje lukkast å halda liv i kameratklubbane lenge nok.<sup>41</sup>

Desse døma på forsøk på å nå fram til dei kvinnelege industriarbeidarane er svært typiske for NKP i perioden. Tiltaka som vart sett ut i livet varte berre ei kort stund. Manglande oppfølging frå sentralt til lokalt i partiet, krav om implementering av tiltak frå Komintern som ikkje hadde fotteste i det norske samfunnet, og ikkje minst, manglande basis i medlemsmassen hos dei kvinnelege industriarbeidarane, var nok hovudgrunnane til at NKP i så liten grad klarte å nå dei kvinnelege industriarbeidarane.

## Husmopolitikken når sitt høgdepunkt

På same tid som husmopolitikken nådde sitt ideologiske høgdepunkt på husmorlagskonferansen i 1928, byrja også nedgangen i det sentrale kvinnearbeidet i NKP. På husmorlagskonferansen vart den politiske rolla til husmødrene klart formulert og gjeve eit nytt innhald. Husmødrene som i teorien var politisk tilbakeståande, skulle no leia dei kvinnelege industriarbeidarane som i teorien var dei mest klasemedvitne og hadde det største revolusjonære potensialet i arbeidarklassen. Den viktigaste oppgåva til husmorlaga framover var «av al kraft aa delta i arbeidet for aa faa industriarbeiderskene organisert».<sup>42</sup> Den politiske interessa var for tida størst hos husmødrene, og difor var det naudsynt at husmorlaga i langt større grad enn tidlegare konsentrerte seg om å vekkja den politiske og faglege interessa hos industriarbeidarane. Dei kvinnelege industriarbeidarane spelte ei stor rolle i norsk produksjonsliv, men mange av dei var ikkje fagorganiserte. Dimed hadde dei også låge løner og därlege arbeidsvilkår. Men fordi industriarbeidarane også var arbeidarhusmødrer eller unge jenter frå arbeidarheimane, ville det å betra levevilkåra deira vera med på å betra stoda for arbeidarheimane, argumenterte kvinnesekre-

tæren Jeanette Olsen. Husmødrene måtte «sikre aa bli venner med industriarbeiderskene og lære dem aa forstaa hvad klassekamp er», sa ho.<sup>43</sup>

Då mangeårig aktivist og kvinnesekretær frå starten i 1923, Jeanette Olsen, meldte seg ut av NKP våren 1928 på grunn av usemja om NKP og Kominterns syn på Hornsrud-regjeringa, byrja mykje av det sentrale kvinnearbeidet i NKP å fella saman. Olsens utmelding var ein direkte følgje av venstrekurser som Komintern slo inn på frå 1928. Passiviteten spreidde seg i NKP som fylgje av den sekteriske haldninga til sosialdemokratiet og at vedtaka som vart implementert ovanfrå av partileiinga i stor grad var utan grunnlag i den norske røyndommen. Passiviteten var også ei årsak til nedgangen i kvinnearbeidet. NKP mista halvparten av medlemmene på eitt år, og i 1930 hadde partiet om lag 3000 medlemmer, der kanskje 600 av desse var kvinner. Kontakten med Komintern var minimal. I oktober 1929 rapporterte NKPs kvinnesekretariat til Kominterns kvinneavdeling for fyrste gong på nærmare eitt år, og det er også siste gongen i kjelde-materialet at NKP orienterte Komintern om kvinnearbeidet.

Husmorlagas arbeid og politikk voks frå NKP, og i 1937 gjekk husmor-laga saman i eit landsfemnande forbund, der dei held fram med det filantropiske støttearbeidet for arbeidarklassen, fremja sakene til husmødrene og arbeidde mot den komande krigen. I husmorlaga vart det skapt samhald, og laga var ein møtestad der husmødrene tok utgangspunkt i saker som interesserte dei som sosial gruppe. Men NKP gjekk eit steg vidare. Partiet definerte husmødrene som ei politisk aktiv gruppe og opprioriterte statusen til husmødrene i klassekampen. NKP tilla husmødrene ei ny rolle i politikken. Utgangspunktet for denne rolla var forsvaret av arbeidarfamilien, der husmødrene vart sett på som dei fremste forsva-



NKPs husmorkonferanse i januar 1927.

rarane. Ved å forsvara barna, heimen og familien plasserte NKP husmødrene i ei aktiv rolle, der husmødrene posisjonerte seg i arbeidarklassen og tok del i arbeidarklassens kamp.

Å ta utgangspunkt i familien var ikkje noko spesielt for NKP. Snarare tvert imot var det den vanlege måten å tenkja kvinnenes rolle i eit komplementært kjønnsamfunn som Noreg var i mellomkrigstida. Husmorlaga i NKP bygde på samtidas ideologisering av husmødrer, men utfordra også denne ideologiseringa. Den grunnleggjande dikotomien for NKP var klasse, for dei andre kvinneorganiseringane var det kjønn. Sjølv om NKPs kvinnepolitikk var tufta på klasseanalysen om at det var dei kvinnelege industriarbeidarane som var den mest framskridne delen av arbeidarklassen, opererte NKP i «Husmorens epoke», og kvinnepolitikken vart dimed skapt innanfor råma med husmordeologisering.

## Noter

- 1 Denne artikkelen er bygd på E.M.M. Mathisen, *Kvinnepolitikk og kvinnearbeid i Norges Kommunistiske Parti (NKP) 1923–1930*, masteroppgåve i historie, UiO, 2008.
- 2 E. M. M. Mathisen, s. 83–110.
- 3 Det russiske statsarkiv for sosial og politisk historie (RGASPI), f. 507, o. 3, d. 124, l. 48. Brev til det internasjonale kvinnesekretariatet, 18. februar 1926.
- 4 «600 arbeiderkvinder samlet til fest», i *Arbeidet*, 4. april 1924.
- 5 «Omorganiseringen av arbeidet blandt kvinnene», av Jeanette Olsen, i *Arbeidet*, 14. januar 1924. Sjá også H. Clayhills, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, 1978, s. 21–23.
- 6 K. Melby, «Husmorens epoke 1900–1950», i I. Blom og S. Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 1999, s. 250–251.
- 7 *Beretning fra 1924–1948 for Norges Husmorlagsförbund*, 1948. Norges Husmorlagsförbund var skipa i 1937 og var ei samling av dei proletariske husmorlaga.
- 8 K. Melby, *Kvinnelighetens strategier*, 1995, s. 67–71. Husmorlagas program vart vedteke 22. januar 1926 av kvinnesekretariatet i NKP. H. Clayhills, 1978, s. 50.
- 9 «Litt om vitaminer», av Jeanette Olsen i *Gnisten*, nr. 9, 1927, s. 15.
- 10 H. Clayhills, 1978, s. 50.
- 11 I. Blom og S. Sogner (red.), 1999, s. 251.
- 12 «Politikk», av Olga Andersen i *Gnisten* nr. 2, 1925.
- 13 «Hvad er et husmorlag?», av Johanna Bugge Olsen i *Gnisten*, nr. 4, 1925, s. 6–7.
- 14 *Inprekorr*, nr. 22, 1927, s. 456.
- 15 Undersøking av Haavard Langseth i *Norges Kommunistblad*, 26.7.1927.
- 16 Danielsen, Hilde, «Med kommunistiske visjonar for det gode liv: Cecilie Slåttelid 1872–1944», i *Kvinneforskning*, nr. 2, 2003, s. 47–63.
- 17 J. Lippe, *Norges Kommunistiske Partis historie*, bind 1, 1963, s. 243.
- 18 Gustavsen/Gustavson var dekknamn for Grollmann som arbeidde i Kominterns organisasjonsavdeling. O. M. Rønning, 2000, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925–26*, hovedfagsoppgåve i historie, UiO, 2000, s. 32, fotnote 67.

- 19 RGASPI, F. 495, o. 178, d. 78, l. 30–31. Pol.byråmøte 24. februar 1927.
- 20 RGASPI, F. 495, o. 31, d. 120, l. 25. Brev til NKP, utan dato, men truleg rundt mai 1927.
- 21 *Protokoll for Norges kommunistiske partis 3. ordinære landsmøte i Oslo 9.–13. februar 1929*, 1929, s. 78–80. Debatten fra landsmøtet vart også trykt i Norges Kommunistblad.
- 22 *Protokoll (...)*, 1929, s. 79–80.
- 23 «Det kommunistiske partis første kvindekonferanse», i *Arbeidet*, 19. mai 1924.
- 24 Kontoret vart fram til 1926 drive som eit aksjeselskap mellom dei tre arbeidspartia: NKP, DNA og NSA.
- 25 «Avskaffelse av straf for barnedrap», i *Norges Kommunistblad*, 30. mai 1924.
- 26 RGASPI, F. 495, o. 178, d. 29, l. 7 og 10. Referat frå landsstyremøte 25.–26. mai 1924.
- 27 E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 1983, s. 154, fotnote 24.
- 28 A.-L. Seip, *Veiene til velferdstaten. Norsk sosialpolitikk 1920–75*, 1994, s. 127.
- 29 «Kvinnenes enhetsfront», i *Arbeidet*.
- 30 «Thesen und Beschlüsse der IV. Internationalen Beratung über die Arbeit unter den Frauen», i *Imprekorr*, nr. 115, 17. september 1926, s. 1940.
- 31 «Duger ikke kvinnene i politikken» av Tina Rustad, i *Gnisten*, nr. 1, 1926, s. 7.
- 32 Lesarbrev til *Gnisten* av A., nr. 6, 1926, s. 2–3.
- 33 «Hjemmet» i *Gnisten*, nr. 3, 1927, av signaturen (ukjent) D.-i.
- 34 Delegatforsamlingssystemet gjekk ut på at industriarbeidarkvinnene eller bondekvinnene på kvar fabrikk eller i kvar landsby valde delegatar til å representera seg. Desse delegatane jobba i ein lengre eller kortare periode med ulike saker, til dømes med kampen mot analfabetisme eller med å sikra rettane til fabrikkarbeidarar. Delegatane møtte i delegatforsamlingar, som var eit sentrum for politisk føredrags- og skuleringsverksemnd. Delegatane var forpliktta til å avleggja rapport til kvinnene som hadde vald dei, og såleis fungerte delegatane som eit bindeledd mellom partiet og dei uorganiserte kvinnene, samstundes som systemet utdanna kvinnelege kadrar til partiet. Systemet spelte utan tvil ei viktig rolle i oppbygginga av Sovjetunionen: I 1926–27 deltok 620.000 kvinner på delegatkonferansane som kvinneavdelinga i partiet, Zjenotdel, arrangerte. B. E. Clements, *Bolshevik Women*, 1997, s. 270.
- 35 RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 1. Brev frå det internasjonale kvinnesekretariatet, 5. august 1925.
- 36 RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 234. «Arbeidsplan for NKPs arbeide blandt kvinnene i resten av innværende år.»
- 37 M. a. RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 26–27. «Beretning fra Norges Kommunistiske Partis kvinnesekretariat, januar 1926.»
- 38 RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 73. Rapport til Komintern, utan dato.
- 39 E. Lorenz, 1983, s. 170.
- 40 RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 234. «Arbeidsplan for NKPs arbeide blandt kvinnene i resten av inneværende år.»
- 41 RGASPI, F. 507, o. 3, d. 124, l. 27. «Beretning fra Norges Kommunistiske Partis kvinnesekretariat, januar 1926.»
- 42 RGASPI, F. 495, o. 178, d. 82, l. 33. Fråsegna «Husmorlagenes opgaver i den nuværende situasjon».
- 43 «Husmorlagskonferansen», i *Norges Kommunistblad*, 17. februar 1927.